



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/4516-2

04.11.2016

### **Kompensasjon for manglande ferjesamband i kriteriedata**

Vi viser til e-posten frå dykk av 30. september med førespurnad om å inkludere ferjesambandet Kaupanger–Frønningen i kriteriedata for inntektssystemet i 2017. Førespurnaden blei sendt for seint til at sambandet kunne takast med i utrekninga av rammetilskot for 2017, og etter at fristen for å komme med innspel til kriteriedata hadde gått ut.

Lista over ferjesamband i kriteriedata blei publisert i kommuneproposisjonen for 2017, som blei lagt fram i mai i år. Departementet sende brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune 20. juni med spørsmål om kommentarar til lista over ferjesamband. De svarte i brev av 22. juni at de ikkje hadde merknader til lista (dykkar ref. 15/8701-7). Lista over ferjesamband blei publisert på nytt 22. september, med frist for tilbakemelding 27. september.

Departementet har vedteke å kompensere halvparten av fylkeskommunens tap i inntektssystemet som følgje av at ferjesambandet ikkje er inkludert i kriteriedata for 2017. Kompensasjonen på 7,75 mill. kroner vil bli utbetalt over kapittel og post 572.64 *Skjønnstilskot* i desember 2016.

Storleiken på tapet er rekna ut ved å sjå på differansen mellom utgiftsutjamninga til Sogn og Fjordane i Grønt hefte 2017 og ei ny utrekning med korrigerede kriteriedata. I dei korrigerede kriteriedata er talet på fylkeskommunale ferjesamband i Sogn og Fjordane auka frå seks til sju, noko som isolert sett gjev ein auke i utgiftsutjamninga på om lag 19,7 mill. kroner. Beløpet er så korrigert for tilskotet fylkeskommunen får i 2017 gjennom fylkesfaktoren for båtar. Dette utgjer om lag 4,2 mill. kroner. De har opplyst at netto driftsutgifter til sambandet Kaupanger–Frønningen i 2015 var på 4,226 mill. kroner, og at utgiftene er ført på KOSTRA-

funksjonen for båtruter. Utgiftene til sambandet er difor trekte ut frå fylkesfaktoren for båtar, for å unngå at fylkeskommunen får dobbel kompensasjon for sambandet gjennom kostnadsnøkkelen. Det gjev eit samla tap i utgiftsutjamninga på om lag 15,5 mill. kroner.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*